

Bjarne Foss
Seimsstranda 197
5912 Seim
Tlf. 917 87 326

Seim, 22.02.2016

Lindås kommunestyre
v/ ordfører Astrid Aarhus Byrknes
5914 Isdalstø

Etter framlegg frå ordføreren gjorde Lindås formannskap 23.05.2013 slikt vedtak:

1. Formannskapet ber kommuneadvokaten ta ei full gjennomgang av saka til Foss Utviklingselskap slik den er blitt orientert om i formannskapet 23.05.2013 pkt. 1-9.
2. Den juridiske gjennomgangen skal tilbake til formannskapet som eiga sak.
3. Formannskapet ber administrasjonen om framdriftsplan i saka.

Etter ordføreren sine uttalelser før vedtaket blei gjort, skulle det «være ærleg og rettferdig det som kom fram». Ein må gå ut frå at denne føresetnaden er ført vidare i instruksjen til advokaten som har utarbeidd utgreiinga.

I sakene 1-9 som kommuneadvokaten skal gjennomgå, er byggesaka til Foss ikkje med. Denne var både for Foss og i følge ordføreren, også for kommunen den viktigaste saka til å få behandla. Det vart antyda at gjennomgangen ville ta om lag eit halvt år.

Advokaten har utarbeidd:

JURIDISK UTREDNING AV SAKER KNYTTET TIL FOSS UTVIKLINGSELSEKAP AS.

Utredninga kom i to bind. Det eine er datert 28. april 2014 og er på 24 sider. Det andre er på 46 sider og udatert.

Kommunen bruker utredninga som sannheitsbevis og gjer 28. april 2014 vedtak i sakene etter framlegg til vedtak utforma av advokaten. Formannskapet, med unntak av **Ingeborg Askeland (SP)**, sluttar seg til advokatens konklusjon om at det ikkje gjord nokon feil som det er grunn til å be om unnskyldning for, og heller ikkje at Foss har krav på vederlag for dekning av advokatutgifter m.v.

Då eg ikkje fekk komme til orde på annan måte, skreiv eg boka

IKKJE TIL Å TRU – om ein fantastisk møbelsuksess og offentleg psykisk terror.

Boka kom ut i desember 2015.

Eg viser til bokas side 8, Oppsummering, og bokas del 3, side 61-192. Her har eg tatt for meg sak for sak. Alle sakene er grundig gjennomgått med dokumentasjon.

Eit eksemplar av boka følger vedlagt.

Det er ganske spesielt, at når kommunen ikkje kan forsvare feil som er gjort, og alle uriktige påstandar som er framsett, leiger inn ein advokat for å lage ein «utredning». Advokaten har fritt spelarom. Det er ingen som kontrollerer om hans framstilling av sakene er riktige, og om relevante dokumenter som skulle vore framlagde, manglar.

Sitat frå den juridiske utredninga:

Vårt arbeid er basert på følgende dokumentasjon: omfattende dokumentasjon fra byggesaken til Reklamehuset, noen dokumentasjon fra Foss' egen byggesak, forvaltningsrapporten fra Deloitte fra juni 2010 og april 2011.

Vi nevner at vårt oppdrag er begrenset til en «juridisk gjennomgang» og at det derfor ikke er foretatt rene bevisvurderinger i saken. Vi nevner dette særskilt i det det er reist innvendinger fra Foss vedrørende det faktiske grunnlag for Delottes rapport. Denne anførselen fra Foss' side er derfor ikke nærmere vurdert fra vår side, i det spørsmålet som er reist fra Foss side på disse punkt innbyr til umiddelbar bevisførsel utover dokumentgjennomgang.

Notatet er basert på opplysninger gitt oss på e-post, dokumenter oversendt fra Kommune, herunder forvaltningsrapporter fra Deloitte og brev fra Bjarne Foss til Lindås kommune, opplysninger gitt oss i møte med Tor Hegle den 16. desember 2013 ved vårt kontor, samt e-post med vedlegg fra Tor Hegle

Deloittes rapport av april 2011:

I brev frå 20.12.2011 til Lindås kommune på 14 sider, har eg gått gjennom Forvaltningsrapporten frå Deloitte av april 2011. Brevet er avslutta slik:

Etter gjennomgangen av rapporten sitter vi igjen med flere spørsmål enn svar. Vi kommer til følgende konklusjon:

Rapporten gir et inntrykk av at saksbehandlingen i byggesakene ikke har vært i samsvar med lovverket. Likevel ender den opp med at dette ikke bør få noen konsekvenser for kommunen, men at det er rom for forbedringer. At det i rapporten bl.a. manipuleres, er flere tilfeller av sitatfusk, flere uriktige påstander, og at dokumenter som Foss legger fram ikke tas hensyn til, viser at rapporten ikke er objektiv og må karakteriseres som et makkverk.

Det er eit paradoks at to velrenommerte advokatfirma, mot god honorering, tar på seg oppdrag med å lage utredninger, der alle opplysningene dei bygger på, kjem frå oppdragsgjevaren, og som i dette tilfelle, Lindås kommune, seinare kan bruke som sannhetsbevis. Dette, sjølv om advokaten i sin utredning innrømmer at han ikkje har fått framlagt all dokumentasjon frå kommunen.

Kor truverdige er opplysningene frå Tor Hegle?

Tor Hegle har, i likheit med sine forgjengere, Lars Johan Haukås og Tor Svendsen, blitt tatt i fleire tilfeller av løgn, og under saksbehandlingene av våre saker, dokumentert at dei manglar dei mest elementære kunnskaper, og som gjer dei uegna til å behandle saker ved byggesaksavdelingen.

Eg viser til eit par eksemplar på korleis advokaten forsøker å bortforklare fakta:

Eksempel 1.

Vedkomande dei tre frankerte breva rådmann Henrik Flatøy 19.04.02 fjerna frå brevkorga utan at mottakarane blei orientert, eller at det blei gjort merknader om dette i postjournalen, skriv advokaten m.a.:

Reklamehuset sendte 15. januar 2002 inn søknad til Lindås kommune om rammetillatelse for oppstart av byggearbeider på gnr. 188 bnr 633. Søknaden ble godkjent av bygningssjefen den 15. februar 2002. Det ble gitt dispensasjon fra lovkravet om avstand til grensen på naboeiendommen, 188/345, eid av Foss Eiendom AS. Det ble stilt krav om at det til enhver tid skulle være 45 parkeringsplasser tilgjengelige og det ble gjort oppmerksom på at ferdigattest ikke ville bli utstedt før dette var bekreftet i orden.

Formannskapet behandlet saken og opprettholdt byggetillatelsen. Saken ble oversendt til fylkesmannen.

Den 15. mai 2002 inngikk Foss og Reklamehuset en makeskifteavtale, hvor Reklamehusets tomt ble flyttet.

Søknaden fra Reklamehuset ble trukket og Lindås kommune sendte derfor ikke klagesaken til fylkesmannen.

Då advokaten har vanskelegheiter med å forklare om klagen er sendt til fylkesmannen/eller ikkje, stiller han dette spørsmålet:

Har Foss krav på at klagen behandles? og besvarer spørsmålet slik:

Våre konklusjoner og anbefalinger:

Foss har ikke krav på av klagesaken behandles. Klagesaken og avvisningsspørsmålet er ferdigbehandlet i kommunen og hos fylkesmannen.

Eg skal summere opp advokatens spørsmål og påstander:

1. Formannskapet har behandlet klagesaken i møte 18.04.02.
2. Saken ble oversendt til Fylkesmannen 19.04.02.
3. Lindås kommune sendte ikke saken til fylkesmannen.
4. Har Foss krav på at klagen behandles?
5. Foss har ikke krav på at klagesaken behandles.
6. Klagesaken og avvisningsspørsmålet er ferdigbehandlet i kommunen og hos Fylkesmannen.
7. I brev av 10.12.2014 skriver advokaten m.a.: Den 16. januar 2003 fattet formannskapet i Lindås kommune vedtak om at Foss' klage over vedtaket av 15. februar 2002 ikke ble tatt til følge. Saken ble oversendt til fylkesmannen.

Ut frå ovanstående har eg stilt desse spørsmåla til advokaten:

1. Vi må få en forklaring på hvordan en klage som er oversendt til fylkesmannen samtidig Ikke er sendt til fylkesmannen.
2. Kan advokaten framlegge dokumentasjon på at klagen er trukket?
3. Hvem har trukket klagen og når?
4. Har fylkesmannen behandlet vår klage av 18.04.2002?
5. Vi kjenner ikke til vedtaket av 16. januar 2003 og ber om dokumentasjon.
6. Klagen er behandlet av formannskapet 18.04.02. Hvorfor blir det da stilt spørsmål ved om Foss har rett på at klagen behandles?

Her er advokatens svar:

Ad etterspurte avklaringer.

Kommunen har sett dine kommentarer, men er av den oppfatning at fremstillingen i vedtaket er tilstrekkelig presist og dekkende til å kunne vurdere om det er grunnlag for dekning av saksomkostninger etter forvaltningsloven paragraf 36.

Det er overraskende at ein advokat frå eit velrenommert advokatfirma kan nedverdige seg til, i staden for å innrømme at han ikkje kan svare på spørsmåla, forsøker å avleie det heile ved å ta opp eit tema som ikkje har noko med mine spørsmål å gjere. Og den konklusjon han der kjem til i den saka er heller ikkje riktig! Når det er ei sak som ikkje kan forklarast eller dokumenterast, gjer han i sin iver etter å rettferdiggjere kommunen mange feil, slik administrasjonen har gjort så mange gonger: Grip til usannheiter!

Eksempel 2.

Har Foss sett opp eit ulovleg gjerde om natta og har Bjarne Foss sett opp eit ulovleg gjerde som stenger ein veg og dermed pressar born og psykisk utviklingshemma ut på trafikkfarleg veg? Advokaten skriv m.a.:

Vi bemerker at utsagnene er fremsatt av fysiske personer og at Lindås kommune derfor i utgangspunktet ikke er ansvarlige i saken, med mindre uttalelsene fra de nevnte personer kan betraktes avgitt på vegne av Lindås kommune eller som ledd i utøvelsen av utføring av tjeneste i Lindås kommune, jf læren om organansvar. Vi bemerker at vi ikke har fått fremlagt nevnte intervju eller artikkel. Beskyldningene er imidlertid ikke tilstrekkelig opplyst til at vi kan ta standpunkt til dette. Vi har derfor ikke foranledning til å vurdere hvorvidt utsagnene kan betraktes som ærekrenkelser.

Når advokaten får spørsmål han ikkje vil besvare, skylder han på at han ikkje har fått framlagt dokumentasjon. Om grunnen til dette er at han har bedt om dokumentasjon, men at kommunen ikkje vil framlegge desse, er ikkje opplyst.

Ikkje ein gong å avsanne grove grunnlause skuldingar mot meg, har kommunen funne å kunne etterkomme. I 12 år var eg kommunestyrerepresentant (1976-1987). Den gongen var det, på tvers av partilinjene, ei viktig sak m.a. å passe på at ingen av kommunens innbyggjarar lei last på grunn av usanne skuldingar. (Kfr.: Avsanning av rykte, side 42-43).

Lindås kommune må innsjå at å hyre inn advokater for å lage utredningar utan at motparten, i dette tilfelle Foss, ikkje får komme til orde, er i strid med alle demokratiske prinsipp. Eg har fleire gonger invitert kommunen til eit felles møte for å gjennomgå kvar enkelt sak. Eg siterer frå bokas side 167:

I forkant av formannskapsmøte 23.05.13 hadde ordføraren og eg ein telefonsamtale. For å få klårheit i mange ubesvarte spørsmål, urikte påstander, feilinformasjon m.m., var vi einige om at representantar frå involverte parter (Lindås kommune, Foss Utviklingsselskap AS, Reklamehuset ANS og fylkesmannen) saman med ein kompetent uhilda person gjekk i gjennom sakene for å få fram sannheita og at den enkelte tok ansvar for feil som er gjort, og i den grad det er mulig, rette det opp igjen.

Eg inviterer igjen kommunen til å bli med på eit slikt oppklåringsmøte med partane, eventuelt berre mellom kommunen og Foss.

I ein artikkel i Strilen 08.01.2016 refererer journalisten til side 168 der eg uttrykker min skuffelse over ordfører Astrid Aarhus Byrknes. Ordføraren svarar slik: «Før eg går inn i saka, vil eg seia at dette har vore ei vanskeleg sak. Eg har stor respekt for næringsutviklaren Bjarne Foss, og er lei meg for at dette er blitt ei vond sak for han.»

Journalisten spør vidare: 22.08.2013 gjorde formannskapet slikt vedtak:

«Formannskapet bed rådmannen svare på spørsmål i brev datert 13.06.2013 og framtidige brev. Innkomne brev og svara på dei vert lagd fram for formannskapet til orientering», men at Foss ikkje har fått svar på breva. Fungerande ordførar svarte 7. mars 2014: «Du skal få svar frå oss så snart saka er ferdig vurdert.»

Ordføraren svarar slik: «**Grundig vurdert**»...« Mitt mål har heile tida vore å finne løysingar og ha ein open og god dialog. Samstundes må vi, og det er inkludert ordførar, følgja dei demokratiske spelereglane, og at det ikkje alltid at konklusjonen på ei sak blir slik vi først hadde håpa på» skriv Lindås-ordføraren. Ho skriv vidare at brevet Bjarne Foss viser til, og meiner at han ikkje har fått svar på, «er grundig vurdert av kommunen».

«Eg løfta først brevet inn i formannskapet, som sende det tilbake til rådmannen og bad han om å svara på spørsmåla. Seinare bestilte formannskapet samrøystes ein full juridisk gjennomgang av alle dokument i saka» skriv Aarhus Byrknes og avslutta....

Ho viser til at i rapporten frå Advokatfirmaet Thommesen blir brevet frå 13. juni løfta fram som utgangspunktet for den juridiske gjennomgangen.

«Thommesen viser til brevet allereie i innleiinga til rapporten: «Lindås kommune mottok den 13. juni 2013 et brev frå Foss Utviklingsselskap AS hvor det ble varslet en rekke krav/spørsmål (...))»

«Kommunen har følgd opp rapporten og avslutta saka. Etter dette har vi sendt eit brev til Foss Utvikling der vi viser til alle breva som kom medan saka var til juridisk vurdering. Brevet er datert 14. april 2015, og viser til alle dei omhandla sakene er avslutta frå kommunen sin side», avsluttar ordførar Byrknes.

Her er brevet til Foss Utviklingsselskap AS, datert 13.04.2015:

«Svar på brev.

Syner til breva dine til formannskapet, datert 30. desember 2014, 26. januar og 21. februar 2015.

Lindås kommune vurderer dei omhandla sakene som avslutta, jamfør brevet vårt datert 24. november 2014. Dette til orientering.» Brevet er underteikna Astrid Aarhus Byrknes, ordførar.

Ut frå ordførarens svar til avisa, har eg følgjande spørsmål:

1. Held ordføraren, etter å ha lese boka mi, fast ved at det dreier seg om kun ei sak?
2. Kva er det som har vore vanskeleg i sakene?
3. Har kommunen i sakene fulgt dei demokratiske spelereglane?
4. Kan ordføraren vise til eit eksempel på at Foss ikkje har fulgt dei demokratiske spelereglane?
5. Kva utfall hadde ordføraren håpa på at sakene skulle fått?
6. Kva har ordføraren gjort for å finne løysingar og ha ein open dialog?
7. Er det eit svar på brevet av 13.06.2013 at det er «grundig vurdert» av kommunen?
8. Kan ordføraren legge fram dokumentasjon på at rådmannen har svart på brevet av 13.06.2013 og seinare innkomne brev?
9. Iføljje brevet frå ordføraren frå 13.04.15 er sakene avslutta. Opphevar dette formannskapet's vedtak om at breva skal besvarast?

Det som har utløyst dei mange sakene starta med byggesak 140/2 der Reklamehuset fekk godkjent 8 parkeringsplasser på Foss sin eiendom og 14 plasser som forutsette tilkomst over Foss Eiendom. I følgje bygningsjef Lars Johan Haukås har også fylkesmannen godkjent disse parkeringsplassene. Dette førte til at når Foss sende inn byggesøknad, kunne denne ikkje bli behandla/godkjennast for då miste Reklamehuset dei 22 parkeringsplassene Lindås kommune hadde godkjent. (Side 106, 124 og 187).

Sidan har det balla på seg med nye byggesaker, gjerdesak, avgift for saksbehandling av bygg, påpeiking av ulovleg byggearbeid, forhandlingsutval, gjerdesak m.m. Vidare blei Foss sine planar om oppføring av eit Nærings- og kontorbygg på ein byggeklar tomt på Ikenberget umuleggjort ved at bygningsjef Lars Johan Haukås heit utan nokon grunn endra tilkomsten til tomten (Side 158-159), urimelege krav ved søknad om ombygging av forretningsbygg Knarvik m.v.

Frå politisk hald har det stadig blitt hevda at sakene er kompliserte og vanskelege å forstå. Sakene blir vanskelege og kompliserte når administrasjonens udokumenterte framstillingar som ikkje er sanne blir sett opp mot mine dokumenterte, og kommunens framstillingar likevel blir lagt til grunn når vedtak skal fattast.

Etter at boka kom ut har eg fått mange tilbakemeldingar. Alle tek avstand frå den behandling eg har fått i Lindås kommune. Ingen har gitt uttrykk for at dei ikkje forstår sakene.

Dersom du som kommunestyrerepresentant enno har noko du ikke forstår eller tviler på om det er sant det som eg skriv i boka, kan du berre ta kontakt med meg så skal spørsmål bli besvart og dokumentasjon bli lagt fram.

Ordførar Astrid Aarhus Byrknes er ein dyktig politikar. Derfor er det skuffande og sårande når ho, som eg hadde meir tillit til enn nokon andre i kommunestyret, no har gått i frå å få ein rettferdig avslutning av sakene, men har valgt å forsvare administrasjonens handlingar som strir mot alle demokratiske prinsipp.

Det gjer noko med eit menneske når ein stadig blir teia i hel og motarbeidd. Klagar som er sende til kommunen vert ikkje behandla. Dersom kommunen ikkje kan svare for seg, vert breva besvart med eit «Goddag mann – økseskaft»- svar.

Det har kosta meg mykje under sviktande helse å skrive denne boka's del 3: **Psykisk terror**. Gjennom boka har eg fått dokumentert dei mange udokumenterte påstander/opplysningar kommunen har sett fram som ikkje er sanne. No er ei bør tatt av mine skuldre. Om du vil overa bør eller medvirke til å omgjere dei vedtaka formannskapet har gjort og få ei riktig og rettferdig avgjerd i sakene, står opp til den enkelte kommunestyrerepresentant å avgjere.

Boka er førelagt jussprofessor Jan

Fridthjof Bernt. Han har følgjande kommentar:

Boken bekrefter jo det jeg har prøvd å dosere for studenter og andre; Det er på grasroten - på street level - at rettssikkerheten lever eller dør.

Det er lett å vere etterpåklok. I ettertid ser eg at eg ikkje skulle tatt opp kampen mot kommunen og slite meg ut, men late Reklamehuset fått om lag 400 m² av Foss sitt areal, godtatt veg gjennom parkeringshuset, redusert byggets størrelse og godtatt at inngangen til vårt planlagde bygg kom ca. 1,50 m under nivået på Kvassnesvegen, slik krava frå kommunen var. Eg skulle ikkje sett opp noko gjerde, men late plassen på 1.000 m² ligge open til parkering for Reklamehuset's tilsette og kundar. Då kunne eg fått ein god pensjonisttilværelse og saman med kona gjennomført dei mange reisemåla vi hadde planlagt, mellom anna tur til sagaøya Island, som sto øverst på ønskelista.

Med helsing



Bjarne Foss

Vedlegg bok: **Ikkje til å tru** – om ein fantastisk møbelsuksess og offentleg psykisk terror.

Kopi til fylkesmannen Lars Sponheim.